

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 26.01.2015, kl. 16.00
Møtestad: Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg
Magnar Flaate og Jon Ola Røstad (i sak 01/15 og 03/15)

= 4 og 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Terje Vadseth i sak 01/15 og 03/15.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. OKTOBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27. oktober 2014 blir godkjent.

SAK 02/15

OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALSAK 03/14 – VALD I SKULEN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.01.2015

Det vart fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova § 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret stiller seg kritisk til dei ansvarlege i denne saka og følgjande forhold:

1. Kommunestyret vil som skuleeigar understreke betydninga av at elevane skal ha det trygt på skulen og at innbyggerane i kommunen skal ha tillit til skulen si verksemd.
2. Det er påført betydelege skader på ein elev i skuletida.
3. Manglande systematisk arbeid og rutinar for å fremme tryggleiken til elevane (manglande internkontroll) gjer at skuleeigar i denne saka ikkje kan føre bevis som fritrek frå det ansvaret som følgjer av den omvendte bevisbyrderegelen i opplæringslova §9a-8.
4. Kommunestyret finn sakshandsaminga ufullstendig og finn grunn til å stille seg kritisk til at kontakten med den skadelidte og hans familie ikkje synest vere tilfredsstillande og det ligg heller ikkje føre enkeltvedtak i høve spørsmålet om eventuelle reaksjonar mot tilsette.

SAK 03/15

SAK OM SKULE/BARNEVERN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.01.2015

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret stiller seg kritisk til dei ansvarlege i denne saka og følgjande forhold:

1. Kommunestyret kan gjennom sin saksgjennomgang ikkje finne at det har vore tilstrekkeleg grunnlag for å melde foreldra til barnevernet ved at skulen ikkje har godtgjort at dei faktiske forholda var slik at det var grunn for å tru at det låg føre alvorleg omsorgssvikt, mishandling i heimen eller vedvarande alvorlege adferdsvanskar.
2. Kommunestyret finn grunn til å stille seg kritisk til kommunen si saksbehandling som ligg til grunn for kommunen si handtering av teieplikta ved melding til barnevernet og handtering av teieplikta når det gjeld ranselposten.
3. Kommunestyret føreset at spørsmålet om tenesteleg reaksjon i saka blir behandla i samsvar med gjeldande regelverk og gjeldande praksis.
4. Kommunestyret vil som skuleeigar understreke betydninga av at elevar og foreldre ikkje skal bli utsett for vilkårleg og kritikkverdigg saksbehandling og at innbyggerane i kommunen skal ha tillit til skulen si verksemd.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
nestleiar
(sign.)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign.)

Jon Ola Røstad
medlem
(sign.)